

VEDTEKTER FOR RØSOK BYGDELAG

§1

Laget sitt namn er Røsok Bygdelag.

Laget har til formål å skape eit godt og trygt bygdemiljø for alle på Røsok gjennom trivselsskapande tiltak som:

Arrangere miljøskapande samankomster, stå bak nye tiltak som felles leikeplassar, turløyper, sikringstiltak for born og vaksne o.l. Like så arrangere kurs, foredrag, diskusjon o.l. som har interesse for fellesskapet på Røsok.

§2

Laget blir leia av eit styre på 6 personar med fylgjande verv: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og 2 styremedlemmer.

§3

Styret tek seg av alle forretningar, ivaretek laget sin økonomi, kallar saman til møter og legg fram for årsmøtet utgreiing om laget si drift, samt revidert rekneskap kvart år. Styret handsamar saker som blir framlagt av medlemmene og legg desse fram for årsmøte når det er ønskjeleg. Slike saker må vere styret i hende seinast 14 dagar før årsmøtet blir halde.

Styremøter skal haldast så ofte som leiaren eller 2 av styremedlemmene finn det nødvendig. Valte komitear kan innkallast til styremøte, men har ikkje stemmerett. For at styret kan ta avgjerder i saker, må minst 4 styremedlemmer vere til stades. Ved stemmelikheit blir leiaren si stemme avgjerande.

§4

Det skal haldast årsmøte innan utgangen av april kvart år. Årsmøtet skal innkallast med 14 dagars varsling. For at årsmøtet kan foreta vedtak i ei sak, må minst 50% av medlemmane vere til stades. Dersom det ikkje har møtt fram nok medlemmar til møtet, blir det kalla inn til ekstra årsmøte. Det ekstra årsmøtet kan ta avgjerder utan omsyn til antal frammøtte.

Årsmøte skal handsame:

Årsmelding, revidert rekneskap, forslag innlevert og handsama av styret på rett måte.

Årsmøtet skal stå for desse vala:

Styre – leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og 2 styremedlemmer til styret.

1 revisor.

Valkomité.

Vidare skal årsmøtet vedta storleiken på årlege avgifter og kontingentar.

Styret blir vald for 2 år om gongen. Alle kan ta imot gjenval, men har rett til å nekte gjenval for like lang tid som dei har vore i styret. Årsmøtevedtak blir gjort med simpelt fleirtal. Forslag om lovendingar må ha minst 2/3 fleirtal.

§5

Dei årlege avgifter og kontingentar til laget skal innbetalast til laget sin konto utan påminning kvart kalenderår, og seinast innan 30. juni. Har eit medlem ikkje betalt for 2 år, og etter betalingspåminning, kan styret stryke medlemmet frå laget.

§6

Styret kan, om det finn det nødvendig, eller når minst 10 medlemmer ønskjer det, kalle saman til ekstraordinært årsmøte. Dette blir innkalla med 8 dagars varslings.

§7

Alle som bur på Røsok, og andre som har tilknytning til Røsok med fritidsbustad, naust eller båt plass i hamneområdet, eller på anna vis har tilknytning til Røsok, kan bli medlem av laget. Utanom dette kan også andre verte medlemmar med styret si godkjenning. Desse medlemmane skal også ha stemmerett. Utmelding av laget skal skje skriftleg til styret.

§8

Medlemmar som opptrer skadeleg for laget sitt omdømme, eller ikkje innrettar seg etter laget sin formålsparagraf og laget sine lover og reglar, kan styret suspendere, og i grove tilfelle ekskludere. Denne avgjerda kan av medlemmet ankast til første årsmøte. Årsmøtet vil ta avgjersle i slike saker med vanleg stemmefleirtal.

§9

Laget kan berre oppløysast når dette blir vedteke på ordinært årsmøte med minst $\frac{3}{4}$ fleirtal, og når minst 25% av medlemmane er til stades på møtet. Når ei slik sak blir handsama av årsmøtet, kan medlemmar som er lovleg hindra i å møte, gi si skriftlege melding til årsmøtet. Etter at det er tatt avgjerd om oppløysing av laget, skal det gjerast vedtak om korleis egedelar og økonomiske midlar skal plasserast. Forslag til disponering blir avgjort med alminneleg fleirtal.

-----⌘⌘⌘⌘⌘⌘⌘⌘-----